



Fortid & notid for framtid

Arkiv og kulturformidling

Årsbudsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028 med investeringar

IKA Møre og Romsdal IKS



Innhold


1.	Årsbudsjett 2025 og økonomiperioden 2025-2028.....	3
1.1	Årsbudsjett 2025	3
1.2	Årsbudsjett 2025	5
1.3	Årsbudsjett 2025 investeringar	6
1.4	Økonomiplanperiode 2025-2028.....	6
1.5	Økonomiplan investeringar 2025-2028	7

1. ÅRSBUDSJETT 2025 OG ØKONOMIPERIODEN 2025-2028

1.1 Årsbudsjett 2025

Årsbudsjettet er sett opp i samsvar med forventna bemanning og aktivitetsnivå i 2025. Selskapet har budsjettet med bakgrunn i signal mottatt frå eigarane i ekstraordinære representantskapsmøte og eigarmøte gjennomført i 2024.

Selskapet har i 2024 gjennomført nødvendig omorganisering, og ny vedtatt organisasjonsstruktur tredde i kraft per 01.05.2024. Denne inneheld eit nytt leiarnivå, slik at organisasjonen no består av eit øvre strategisk leiarnivå, eit avdelingsleiarnivå (bestående av to avdelingsleiarar), og fem underliggende faggrupper.



Den nye organiseringa medfører oppretting av to nye stillingar. Den eine er ei rådgivarstilling i faggruppa for ordning med ansvar å koordinere ordningsprosjekta. Den andre er ei avdelingsleiarstilling med ansvar for avdelinga for Kommunalt arkiv. Desse stillingane vil medføre ein auke på lønnskostnadane på estimert 1,8 mill. inkl. sosiale kostnader. Selskapet framleier frå oktober 2024 til desember 2026 tredje etasje i Kirkegata 10B for å løyse ei rekke langvarige avvik frå arbeidsplassforskriften og for å dekke plassbehovet til dei tilsette. I tillegg blir Kulturtenester samlokalisert i andre etasje i Kirkegata 10B. Kostnadane blir dekte av faggruppa for Kulturtenester, Personvern og Digitisering.

Prosjektporteføljen for ordningsprosjekt er sterkt aukande. Inngåtte kontraktar utgjer no nærmare 43 mill. i perioden fram til 2033. Grunna uvisse knytt til plass i depotmagasin og eit mogleg mottaksstopp i 2026 er det stor uvisse knytt til om det er mogleg å gjennomføre inngåtte kontraktar frå medio 2026 og utover i økonomiperioden.

Kontingent og depotleige er i budsjettet regulert i samsvar med kommunal deflator på antatt 4,3% i samsvar med vedtatt ordning. Det auka kostnadsnivået er freista å dekke inn gjennom nedskalering og endring av tenestetilbodet til eigarane, fordeling av driftskostnader og husleige på alle avdelingar, reduksjon av reise, kurs og opplæringstiltak for tilsette, og omdisponering av enkelte stillingar.

Sjå tiltak på neste side:



Følgande tiltak planlagde for 2025:

- Effektivisering av tenestene.
- Vakant rådgivarstilling på kommunalt arkiv blir brukt på nyoppretta koordinatorstilling på ordning. Samtidig blir det oppretta ei ny konsulentstilling, som erstatning for rådgivarstillinga på Arkivforvaltning og rådgiving, med særskilt ansvar for innsyn.
- Reduksjon i reise, kurs og opplæringstiltak for tilsette.
- Redusert depotstyring (Reduksjon i arbeidet med depotreformen, internlogistikk etc.) redusert mottak av arkivmateriale frå kommunane.
- Omdisponering av tilsettressursar (reduisert kapasitet på innsynførespurnader)
- Reduksjon av tenester, innkjøp og kjøp av konsulenttenester.
- Avdeling for Kulturtenester/personvern dekker kostnadar til husleige, andel av felleskostnadar og administrative kostnadar, justert i forhold til reelle kostnadar.
 - o Dette medfører eit betydeleg meirforbruk på denne avdelinga. Meirforbruk er i 2025 planlagt dekt inn gjennom bruk av bundne fondsmidlar.



1.3 Årsbudsjett 2025 investeringar

	2025
Sikre arkiv for framtida - Grunnlag	500 000
Oppgradering av Websak og Asta	300 000
IT utstyr / Inventar og annet utstyr	350 000

1.4 Økonomiplanperiode 2025-2028

Økonomiplanen er tyngd med betydeleg uvisse knytt til sak 22/24 Sikre arkiv for framtida – Eigna og godkjente lokale IKAMR. Økonomiplanen tek utgangspunkt i «Null alternativ 1» frå saksunderlag sak 22/24.

Null alternativ 1 vil etter alt sannsyn medføre mottaksstopp frå medio 2026. Dette vil innebære at kommunane ikkje lengre ville kunne levere til lovpålagt depot i samsvar med arkivloven og arkivforskriften. Kommunane vil derfor måtte oppbevare dette materialet sjølve i godkjente arkivlokale fram til eit godkjent arkivdepot er på plass.

Fullt depot og mottaksstopp vil også bety at vi ikkje vil kunne ta imot arkivmaterialet på inngåtte ordnings- og digitiseringsprosjekt for eigarane og eksterne aktørar. Det vil bety at vi gradvis må avslutte arbeidet med ordning og digitisering av arkivmateriale. Konsekvensen av dette vil vere at selskapet på kort tid samla mister inntekter for 7 mill. kr i året og at fleire av driftskostnadane, som no blir dekte av bidraget frå prosjekta, må dekkast gjennom auka bidrag frå eigarane. Dersom arbeidet med ordnings- og digitiseringsprosjekt fell bort, vil arbeidet for ca. 10 tilsette forsvinne og tilsette vil miste jobben sin.

Budsjett i økonomiperioden 2025-2028:

	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028	Regnskap 2023
Salgsinntekter	- 6 613 000	- 5 000 000	- 3 000 000	- 1 000 000	- 8 534 575
Refusjoner	- 20 902 363	- 21 000 000	- 22 000 000	- 22 880 000	- 19 646 464
Overføringer fra fylkeskommuner	- 3 650 000	- 3 750 000	- 4 000 000	- 4 100 000	- 3 446 988
Renteinntekter bankinnskudd	- 500 000	- 400 000	- 400 000	- 400 000	- 631 040
Bruk av dispisjonsfond	- 1 150 000	- 800 000	-	-	- 513 601
Bruk av bundne fond	- 1 945 687	- 1 400 000	-	-	- 1 642 708
Sum inntekter	- 34 761 050	- 32 350 000	- 29 400 000	- 28 380 000	- 34 415 376
Utgifter	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028	Regnskap 2023
Lønn og sosiale kostnader	21 391 250	21 500 000	19 000 000	18 000 000	20 318 624
Husleie	4 766 000	5 300 000	6 300 000	6 500 000	3 875 170
Kjøp av varer og tjenester	7 263 800	6 500 000	6 000 000	6 000 000	8 452 192
Finansutgifter	190 000	250 000	300 000	350 000	126 111
Overføring til investeringsregnskapet	1 150 000	800 000	-	-	407 857
Avsetning til dispisjonsfond	-	-	-	-	-
Avsetning til bundne fond	-	-	-	-	1 235 422
Sum Utgifter	34 761 050	34 350 000	31 600 000	30 850 000	34 415 376
Netto driftsresultat	-	2 000 000	2 200 000	2 470 000	-

1.5 Økonomiplan investeringar 2025-2028

Uvissa knytt til framtidige lokale og rammevilkår medfører betydeleg reduksjon i forventa investeringsnivå for økonomiplanperioden.

Økonomiplan investeringar 2025 - 2028

	2025	2026	2027	2028
Sikre arkiv for fremtida - Grunnlag	500 000			
Oppgradering av Websak og Asta	300 000	300 000		
IT utstyr / Inventar og annet utstyr	350 000	150 000		



Fortid & notid for framtid

Arkiv og kulturformidling